



VEST-TELEMARKRÅDET  
Kviteseidgata 18  
3850 KVITSEID

Att. Anne Aasmundtveit

Dykkar ref:

Vår ref:  
2021/2022-7

Saksbehandlar:  
Hilde Martini Momrak,35067129

Arkivkode:  
144

Dato:  
10.02.2022

## **Høringsuttale felles klimaplan for Vest-Telemark frå Fyresdal ungdomsråd**

### **PS 4/22 Felles klimaplan for Vest-Telemark – høyring**

Planen blei presentert via Teams av Benedikte Nes som har vore med i utvalet som har jobba med planen, då sakshandsamar Elin Skålid ikkje kunne.

### **Fyresdal ungdomsråd har fylgjande uttale til planen;**

Når ein vel å ha ungdomsråd som høyringsinstans til ein så viktigsak som ein klimaplan, bør ein for seinare legge til rette for ein betre måte å gjere dette på.

Fyresdal ungdomsråd fekk ein god presentasjon av planen av Benedikte Nes, men til handsaming ein plan med vedlegg på 120 sider. Det er det ikkje enkelt å forhalde seg til som ungdomsråd.

Generelt sei ungdomsrådet:

Skal ein nå ungdom – må ein lage for ungdom!

Med dette meiner ungdomsrådet at det må leggjast til rette for ein betre informasjonsformidling, t.d. lage ein film, eller gjere ein enklare og meir inspirerande presentasjon av stoffet.

Fyresdal ungdomsråd meiner måla i planen er gode og støttar dei.

Dette er for øvrig eit generelt problem i saker som ungdomsrådet skal handsame, saker blir lagd for vaksne politikarar.

Ungdomsrådet er opptatt av klimapolitikk og ser at det er eit stort potensiale for informasjon og formidling rundt dette temaet i skulen.

- Ungdom er framtida og bør ha større fokus og kunnskap om klimaproblematikk
- Lag betre informasjon som kan inspirere og motivere ungdom til å meine noko i klimadebatten.

- Vest-Telemark Vidaregåande skule bør vere ein arena og ha hovudansvar for dette temaet for unge i Vest-Telemark, til dømes foredrag med eksterne aktørar, workshops, temadagar. Men foredrag utan eigen aktivitet/engasjement har lite for seg.
- Det er for lite fokus på dette viktige temaet i dag.

For Fyresdal kommune

Hilde Martini Momrak  
kulturkonsulent

*Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift*